

2025-2026

Årsplan Hjellbakkane Barnehage



«Hjellbakkane barnehage, eit trygt fellesskap
i samhandling med kvarandre og naturen»

Pedagogisk arbeid i Hjellbakkane barnehage

Planarbeidet vårt i Hjellbakkane barnehage handlar om å planlegge, informere, gjennomføre, vurdere og dokumentere korleis vi arbeider med barnehagen sitt mandat. Utgangspunktet for dette arbeidet ligg i Lov om barnehagar (barnehagelova) og rammeplan for barnehagar (forskrift).

Planar i Hjellbakkane barnehage:

- Verksemdsplan - ein treårig rullerande plan
- Årsplan – ein plan for kvart barnehageår
- Vekeplanar med evalueringar via vekeslutt

I årsplanen legg vi fram våre overordna planar for komande barnehageår. Vi legg vekt på tidleg og tydeleg informasjon om hendingar, satsingsområde, og praktiske gjeremål. Årsplanen vår er forankra i verksemdsplanen, som vi evaluera kvart tredje år. Vi har ingen bindingar til pandemiberedskap lengre, men vi held fram med dei gode rutineane vi har tileigna oss i høve dagleg hygiene.

Nøkkelomgrep frå rammeplan for barnehagar, som er førande for vårt arbeid:

- Livsmeistring og helse.
Alle barnehagar skal legge til rette for å utvikle god helse, både fysisk og psykisk.
- Psykososialt barnehagemiljø.
Alle barnehagar skal legge til rette for gode barnehagemiljø for alle, der leik har ein sentral plass i kvardagen.
- Berekraftig utvikling.
Alle barnehagar skal legge til rette for gode kvardagar for alle. Vi er opptatt av å omsette «berekraftig utvikling» til praktiske gjeremål i barnehagen.
<http://hjellbakkane.barnehage.no/>
- Natur- og friluftsliv.
I rammeplanen står det at «*barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har difor ein viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn*». Dette er i tråd med vår eigen visjon og profil, og bygg opp under det at vi er mykje ute i alle årstider.

Planleggingsdagar 2025 – 2026

- 15.08.2025: Felles planleggingsdag med Volda Kommune
- 09.10.2025: Planleggingsdag- studietur.
- 10.10.2025: Planleggingsdag- studietur.
- 22.10.2025: Felles fagdag saman med Volda Kommune
- 18.03.2026: Felles fagdag saman med Volda kommune
- 15.05.2026: Planleggingsdag – Innarbeida fri



Turar
Samhald
Venskap



Samarbeidsutvalet 2025 / 2026:

Frå foreldra:

Gudrunn O. Endal	Leiar	gudrunnolivia@outlook.com	915 95 885
Marina Elise Fenne	Nestleiar	marina.fenne@gmail.com	905 94 366
Kristin Eldholm Sandal	Vara	kristin.eldholm@gmail.com	404 97 822
Silja Saure	Vara	silja.saure@gmail.com	481 27 610

Frå tilsette

Goro Gransletten	Medlem	goro.gransletten@hjellbakkane.no	415 47 381
Paula Hjorthaug	Medlem	paula.hjorthaug@hjellbakkane.no	994 13 205
Bjarte E. Lillebø	Vara	bjarte.eiken.lilleboe@hjellbakkane.no	922 59 357

Styret i Stiftinga Hjellbakkane barnehage

Sindre Svellingen - Styreleiar	sindre@svellingen.no	957 66 033
Trygve Hamre - Nestleiar	trygve.hamre@gmail.com	415 49 259
Silje Kårstad	silje_s@msn.com	938 74 042
Kari Elise Kalvatn Engeset	kekengeset@gmail.com	971 94 340
Stine Helen Høgalmen (Tilsett)	stine.hogalmen@hjellbakkane.no	905 75 928
Harald Kvangarsnes - vara	harald.kvangarsnes@gmail.com	907 60 185
Stine Blikra- (Tilsett) vara	stine.blikra@hjellbakkane.no	947 81 853

Vekerytme

I Hjellbakkane har vi trua på å jobbe i små grupper. Då kjem dei vaksne nærare kvart einskild barn i mange ulike høve, og kan lettare ta del i det som skjer. Vi har erfart at barna får meir ro og leiker betre i små grupper. Vekerytme komande år:

GRUPPER	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
STOR BASE Nova Laxe Fjellfina	Gruppe 1 på tur Gruppe 2 i barnehagen	Nova har førskuledag Laxe/Fjellfina: turdag eller aktivitet i barnehagen.	Gruppe 2 på tur Gruppe 1 i barnehagen	Møtedag Gruppe inndelt aktivitet	Ein av gruppene på tur, dette vil rullere. To grupper i barnehagen
LITEN BASE Skogsknøtta Skogsmulle	Skogsknøtta: Uteleik og tema-arbeid Skogsmulle: Uteleik og tema-arbeid	Skogsknøtta: Formings-aktivitet Skogsmulle: Turdag	Skogsknøtta: Turdag Skogsmulle: Forminga-aktivitet	Møtedag Fullføre formings-aktivitet	Skogsknøtta: Uteleik Skogsmulle: Turdag/frileik Fredagsdisko

Opningstid

Hjellbakkane barnehage opnar klokka 07.30, og stenger klokka 16.45.

Barnehagen har alltid to tidlegvakter og to seinvakter.

Vi legg vekt på å ha god bemanning i heile opningstida. Vi legg vekt på å ha god dialog med familiane i høve når barna kjem i barnehagen, og når dei verte henta.

Rytme i løpet av dagen:

Kl. 07.30	Barnehagen opnar – begge basane startar dagane sine ute, men vurderer andre løysingar ved behov.
Kl. 07.30 – 09.00	Tid for frukost – frukt / eiga matpakke
Kl. 09.30 – 11.00	Rom for ulike aktivitetar / leikegrupper / ulike turar.
	Turane på stor base kan ofte vare lengre ut på dagen
Kl. 11.00	Tid for første måltid i barnehagen – matpakke
Kl. 11.30 – 14.00	Tid for aktivitetar og leik ute / inne. Dei yngste søv eller kvilar i denne perioden.
Kl. 14.00	Tid for andre måltid i barnehagen – knekkebrød / frukt
Kl. 14.00 – 16.45	Tida for leik fram til barna skal heim

Årshjul i høve ulike rutinar og opplegg i 2025 / 2026

Årstema i det pedagogiske arbeidet på basane: Styrke Skogsmulle-pedagogikken

- Stor base – Skogsmulle, Laxe, Fjellfina og Nova.
- Liten base – Skogsmulle og Skogsknøtta

Vi legg vekt på Skogsmulle for dei yngste barna, og presenterer Fjellfina.

Skogsmullepedagogikken rammar inn ulike tema gjennom året, vi bygg aktivitetar og opplegg i kvardagen kring Skogsmulle og venane hans.

Nytt barnehageår startar alltid i august. Då kjem barna attende til barnehagen med ny energi og nye forventningar. Vi bruker mykje av denne tida på å etablere strukturar og relasjonar i og kring barnegruppene våre. På Skogsknøtta, der dei yngste barna går, legg vi vekt på god tilvenning og at barna kan bli kjent med kvarandre. På Skogsknøtta har dei tilsette primæransvar for sine barn. Vi legg stor vekt på ynskjer og behov dei nye familiane har med seg til barnehagen. På stor base jobbar vi med endringar knytt at barna har skifta gruppe etter sommaren.

Oversikt over gruppene dette barnehageåret:

Eittåringane Skogsknøtta	Toåringane Skogsmulle	Treåringane Fjellfina	Fireåringane Laxe	Femåringane Nova
5 barn	7 barn	10 barn	8 barn	7 barn

Skogsknøtta verte 5 barn frå 01.01.26 (1 barn frå 01.09.25, 2 barn frå 27.10.25, 3 barn frå 01.12.25)

Bemanning:

Stor base	Liten base
Goro Gransletten – Pedagogisk leiar	Birgitte Eiken – Pedagogisk leiar
Stine Blikra – Pedagogisk leiar	Karoline Paulen – Barnehagelærer
Anja G. Holen – Pedagogisk leiar	Paula Hjorthaug – Assistent
Stine Helen Høgalmen – BUA-arbeidar	Christine O. Lillås – Assistent frå 01.12.25
Stine Inger Hammer – BUA-arbeidar	
Christine O. Lillås – Assistent (sept-nov)	
Bjarte Eiken Lillebø – Støtteassistent	
Marc Mulasi – Møtande vikar 60%	

Aktivitetsplan – Årshjul

August – tida for å etablere venskap i nye grupper

- Felles fagdag Volda kommune fredag 15.08.2025 – barnehagen er stengt
- Fokus på å bygge relasjonar
- Tema liten base: Tilvenning – tilknytning
- Tema stor base: Bli kjend i nye grupper. Sjå nærmare på Mullehistoria og kva småkryp og dyr som er i den.

September – tida for haustaktivitetar – kva skjer i naturen om hausten – matauke

- Foreldremøte: Måndag 01. September
- Brannberedskap og brannvern veke 38
- Førebuingar og motivasjonsarbeid i høve uteveka på Skinstøylen
- Uteveke på Skinstøylen: veke 39
- Frå liten base:
 - Vi verte kjend med Skogsmulle
- Frå stor base:
 - Vi verte kjend med Fjellfina og dei dyra som er med i hennar historie. Me blir også kjend med Laxe og kva me kan finne i fjæra og i elva
 - “Hagen vår” og matauke



Oktober – tida for tradisjonar og arbeid med internasjonale tema og andre kulturar

○ **FORUT – Tema frå Sri Lanka**

- Vi følger “Sanjana og havet” gjennom film, musikk og anna materiale - <https://forut.no/barneaksjonen/>
- Kunstutstilling – sal / innsamlingsaksjon
 - Arrangement for besteforeldre torsdag 6. nov?
 - FN – dagen torsdag 24.10.25



- Foreldresamtalar – Begge basane gjennomføra foreldresamtalar i løpet av Oktober og starten av November.
- Skulen har haustferie i veke 41 (06. – 10. Oktober)
- Planleggingsdagar Torsdag 9. og fredag 10. Oktober- studietur for de tilsette.
 - Barnehagen stengd
- Planleggingsdag Onsdag 22. Oktober – Fagdag med Volda kommune
 - Barnehagen stengd
- Barnehagekonferansen 30 og 31. Oktober: To tilsette på dette

November – tida for haust og mørke – kva skjer med skogen og på himmelen?

- Tema liten base: Venskap og kjensler, førebuing til desember
- Tema stor base:
 - Vi skal lage vår eigen adventskalender.
 - Barna lager noko frå Fjellfina- eller Laxeverda.

Desember – tida for forventningar. Med adventstid, kalender og mykje meir

- Vi har daglege adventssamlingar i gruppene
- Juleverkstad heile månaden
- Vi markerer Luciadagen fredag 12.desember
 - Novagrappa kjem rundt på gruppene med saft og lussekattar
- Nissefest på begge basar i veke 51
- Siste barnehagedag i 2025: Mandag 22. Desember.
- Barnehagen stengd f.o.m. 23. Desember – t.o.m. 01. Januar

Januar – med ønskje om eit godt nytt år til alle i flokken vår

- Fyrste barnehagedag 2026 – Fredag 02.01.26 – kjem påmelding til denne dagen på kidplan
- Årstider – kva gjer dyra om vinteren?
- Ulike vinteraktivitetar om dagane har blå grader
- Liten base:
 - Tilvenning av nye barn.
 - Vinter og Skogsmulle.
 - Bli kjent med samiske tradisjonar i slutten av månaden.
- Stor base: Bli kjent med samiske tradisjonar.



Februar – vi ser på andre kulturar, mellom anna korleis samane gjer det

- Vi markerer samefolkets dag – 6. februar
- Temafest i tråd med årstema - Skogsmulle og vennene hans.
- Uteveke: Veke 7
 - Stor base i Dalen
 - Liten base i «Gamleskogen» i barnehagen
- Vinterferie på skulane – veke 8 (måndag 16. - fredag 20. feb)
- Tema på basane: Snø og vinter

Vinteraktivitetar; https://youtu.be/Vq7QH1H_fsw

Mars – er vinteren på hell? Og påsketema

- Vi markerer barnehagedagen tysdag 10. mars med eige opplegg. I år er tema fellesskap og inkludering.
 - Stor base har fokus på vennskap, vi i barnegruppa, forskjellar og styrker.
- Påskeaktivitetar. Påskepynt og historia om «Påkeharen Lepus».
- Foreldresamtaler i slutten av mars og i byrjinga av april.



- Liten base: held fram med tema snø og vinter + påskeførebuing


April – Vår - Nytt liv

- Stor base: “Hagen vår”- nytt liv.
- Liten base: Vår og Skogsmulle – naturen vaknar til liv.
- Foreldresamtalar begge basane
- Kunstkafe – til inntekt for «Sjukehusklovnane» veke 18 eller 19?



Mai – nasjonaldagen må markerast og feirast

- Liten base: våren og førebuing knytt til markering av 17.mai.
- Stor base: “Hagen vår”. Humler og bier. Markere 17. Mai.
- Fredag 01. Mai – Offentleg fridag - **Barnehagen stengd.**
- **Avslutningstur for Novagruppa (veke 19 eller 20). ??**
- Kristi himmelfartsdag torsdag 14.05.2026- Barnehagen stengd.
- Planleggingsdag Fredag 15.05.2026 - Barnehagen stengd.
- Søndag 17. Mai – foreldrerepresentant frå SU har ansvar for å ta med seg fana frå barnhagen.
- Uteveker på Skinstøylen – veke 21 og 22
- Måndag 25.05.2026. Andre Pinsedag- barnehagen stengd.
- Sommarfest på Skinstøylen – onsdag 27. eller torsdag 28. mai?



Juni – det er snart sommar

- Liten base: Sommar og Skogsmulle
- Stor base: Vi steller med hagen vår. Lager pynt til uteområde vårt.
 - Ser på ulike planter i hagen og ute på tur.

Trygg kvardag:

Alle barna i Hjellbakkane barnehage skal oppleve trygge kvardagar i barnehagen, både om morgonen når dei kjem, og på ettermiddagen før dei «blir henta» (sjå bilete). For oss er det heilt grunnleggjande å skape eit stimulerande barnehagemiljø, der vi har god balanse mellom å støtte og utfordre barna i si utvikling, og i korleis dei samhandlar og bygg gode sosiale fellesskap. Vi er tett på barna i alle høve, og vi legg vekt på å vere mange vaksne i lag med barna gjennom heile dagen. Vi arbeidar mykje i grupper, som gjer oss betre høve til å sjå det einskilde barnet i lag med dei andre barna. Det er vår måte å skape større nærleik til det som skjer i kvardagen. Meir om dette kan ein lese om i verksemdplanen vår:


(<https://hjellbakkane.barnehage.no/Innhold/Side/112868>)

Tilvenning i Hjellbakkane barnehage:

- “Liten og Ny i Barnehagen”
- [Liten og ny i barnehagen - RKBU Midt-Norge ved Institutt for psykisk helse - NTNU](#)



- Setje av god tid til tilvenning for alle barn – med barnas beste i tankane.
- Gi føresette informasjon om barnehagen sine rutinar for oppstart og tilvenning.
- Før oppstart i barnehagen vil føresette få informasjon om barnehagen sine tankar knytt til tilvenningsprosessen
- Ha primærkontakt ved oppstart for alle barn
- Tett dialog med barna sine føresette i tilvenningsperioda
- Gjennomføre oppstartssamtale
- Legge til rette for ein trygg og god start uansett kva tid på året barnet byrjar i barnehagen



Overgang frå barnehage til skule:

Det er stas å vere eldst i barnehagen. I Hjellbakkane barnehage går dei eldste barna på «Novagruppa». Der har dei eit eige opplegg knytt til at dei skal ta til på sitt siste år i barnehagen, og bu seg til skulestart. Novagruppa har førskuleklubb på «loftet», der vi mellom anna legg opp til å styrke samhaldet i gruppa, og for å samlast kring ulike tema.

Døme på tema:

- Mulle sin ven Nova, som kjem frå verdsrommet
- Sosial kompetanse og vennskap
- Konflikthandtering
- Språksprell
- Kjennskap til bokstaver og tal
- Kroppen
- Kunstutstillings prosjekt med bok frå Ivar Aasen tunet.
- Ulike turar og avslutningstur på våren.

Andre fokus i førskuleklubben:

- Øve seg på å rekke opp handa
- Kunne lytte til kvarandre og vente på tur
- Kunne blyantgrep og namnet sitt
- Samarbeide og utvikle sjølvstende

Vi ynskjer at nova gruppa skal kjenne på samhaldet i gruppa, og at vi skal vere gode med kvarandre, og at dei kan løyse konflikhtar saman gjennom å lytte til kvarandre og kome med forslag til løysingar. Vi ynskjer også at «Nova» gruppa skal bli sjølvstendige i forhold til påkledning, og det å lære seg å kjenne etter eigne behov i forhold til vær og vind.

Skulestart

For at barna skal sikrast ein god overgang til skulen, er det viktig å ha så gode rutinar som mogeleg. Frå skulen si side er det ønskeleg å vite litt om dei barna dei skal ta i mot kommande haust. I høve felles rutinar i Volda kommune knytt til førebuingar til skulestart, nyttar vi eit skjema som heiter «informert samtykke». Her må foreldra krysse av på spørsmål knytt til ulike utviklingsområdet, som våre tilsette kan gje vidare til skulen. Dette sendast vidare til skulen, og er utgangspunkt for ein overgangssamtale mellom rektor og barnehagelærar. Nokre skuler inviterer til besøk.

Råd og tips frå barnehagen – korleis skal garderobane våre sjå ut når barn og foreldre kjem i barnehagen? Kva for kle ønskjer vi å rå til:

- Sjå over plassane og hyllene i inne- og yttergarderobe kvar dag. Det er viktig at barna har nok tøy til å skifte (både to og tre gonger) når det er naudsynt.
- Det er felles ansvar for å halde orden i garderober. *Foreldre bør sjå til at det er ryddig og orden i garderobeplassen til sine barn før ein går for dagen, set opp sko/støvlar og sørg for at hue/vottar ligg i korga si.* Lat gjerne barna vere med på å rydde sin plass, dette lærar dei mykje av. Dette kjem også reinhaldaren vår til gode når han kjem for å vaske.
- I ein friluftsbarnehage blir det mykje skittent og vått yttertøy kvar dag. Mykje av tøyet heng vi opp ute på trappa for å sende det heim. Tøy som er vått ligg på golvet under hylleplassen til barna. Dette gjer vi av omsyn til miljøet. Vi ønskjer å bruke minst mogleg plast i barnehagen. Bruk difor tøy-nett eller fleirgongs-nett når de har med skiftetøy i barnehagen. Av og til er det også lurt

å sjekke storleiken på tøyet, barna veks raskt, og brått kan skiftetøy som heng i barnehagen bli for lite

- Vi er mykje ute i all slags ver. Vi rår difor til at barna har to skift av regnkle, vinterkle og anna kle. Godt tøy er ein føresetnad for barna si trivsel i ulikt vær.
- Husk at fottøy er ein viktig del av påkledningen! Gode og varme utesko er naudsynt. Inne rår vi til at barna brukar tøflar eller innesko.
- Tips om kva barna skal ha på seg, eller ha tilgjengeleg i barnehagen:
 - Inst mot kroppen; ull / bambus (frå morgonen av)
 - Mellomlag: Ull / fleece etter årstid
 - Ytterlag: Vi rår til ull for dei som kan bruke det. Det held barna varme. Bambus kle kan vere eit godt alternativ for dei som ikkje toler ull. På våren held det vind og regn ute, og om vinteren held det på varmen.
 - Ull har også eigenskapar i høve å tørke/ta bort fukt. Ulla må vere inst på kroppen for å ha best mogleg effekt (ikkje bomullskle inst før ull – ta heller t-skjorte eller eit skjørt utanpå ulla).
 - Vi rår også til ullsokkar framfor bomullsokkar (sokkar utan anti-skli på vintertida)
 - Husk å ha med nok gode vottar!
- Det er viktig at kleda er heile og at dei passar. Hugs strekk til å ha under skoa.
- Årsaka til at vi rår til tre lag er at lufta mellom desse tre laga er med på å holde barnet varmt. Barna blir ikkje meir varme om ein stappar dressen eller regnkle full av anna kle. Det fører berre til at det ikkje er luft mellom laga og det hindrar barna sine moglegheiter til å kunne vere i aktivitet og halde seg varme.
- I Hjellbakkane barnehage er vi mykje ute, både i barnehagen og på tur i skog og mark. Då kan det vere mange plassar det er lett å hengje seg fast og liknande. Av omsyn til barn og tilsette sin sikkerheit og tryggleik, ønskjer vi difor ikkje at barna brukar sekker i barnehagen. Vi rår heller ikkje til at dei brukar kle med snor og hettegenser.